



## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Handeland	FE-027, FA-J48	22/84

Saksnr	Utval	Type	Dato
038/22	Formannskapet	PS	05.04.2022
022/22	Kommunestyret	PS	07.04.2022

### Søknad om skjenkeløyve, Jostein Husa einskildforetak org.nr.984 861 907

Vedlegg:  
Skjenkebevilling  
Kart

#### Saksutgreiing:

Me syner til søknad om skjenkeløyve motteke 11.02.22.

All dokumentasjon for å kunna behandla søknaden var komen inn til kommunen 18.03.22.

Jostein Husa, einskildforetak org.nr.984 861 907 har søkt om skjenkeløyve i "Løa".

For alkohol i gruppe I, II og III.

"Løa" har adresse Stormarkvegen 150, gnr.172/bnr.243.

Jostein Husa einskildforetak org.nr.984 861 907 har søkt om skjenkeløyve inne og ute, slik det

kjem fram av søknad og plankartet som ligg ved søknaden.

#### Følgjande dokumentasjon er levert:

Søknad – levert 11.02.22.

Dokumentasjon på serveringsløyve – levert 11.02.22.

Planteikning over skjenke/serveringsområdet- levert 11.02.22.

Skatteattest for han/ho som søker løyve og eigarar som har ein vesentleg eigardel – Skatteattest for Jostein Husa, levert 11.02.22.



# Fedje kommune

Diplom kunnskapsprøve styrar Jostein Husa er levert 11.02.22.

Diplom for avløyssar Linda Husa er levert 18.03.22.

Firmaattest for han/ho som søker løyve og eigarar som har ein vesentleg eigardel – levert 11.02.22.

Dokumentasjon på at styrar og avløyssar for styrar er tilsett ved salsstaden, eller eigarar – levert 11.02.22.

Bruksløyve frå bygningsmyndigheitene – levert 11.02.22.

Eigenerklæring/dokumentasjon internkontroll – levert 11.02.22.

Uttale frå politiet – kommunen mottok uttale frå politiet 24.02.22 politiet har ingen merknader til søknaden.

Uttale frå sosialtenesta (helse- og omsorgssjef) - Sosialtenesta sendte uttale 15.02.22 sosialtenesta har ingen merknader til søknaden.

Krav til dokumentasjon når ein søker skjenkeløyve er fastsett i Alkohollova. Det er Alkohollova, alkoholforskrifta, rettleiar frå Helsedirektoratet og Fedje kommune sin Alkoholpolitiske plan som ligg til grunn for saksbehandlninga av søknader om skjenkeløyve.

Kommunen sin skjønnsutøving, slik det står i alkohollova § 1-7a:

*“...Kommunens skjønnsutøvelse ved behandling av søknad om bevilling for salg eller skjenking m.v. Ved vurderingen av om bevilling bør gis, kan kommunen blant annet legge vekt på antallet salgs- og skjenkesteder, stedets karakter, beliggenhet, målgruppe, trafikk- og ordensmessige forhold, næringspolitiske hensyn og hensynet til lokalmiljøet for øvrig. Det kan også legges vekt på om bevillingssøker og personer som nevnt i § 1-7b første ledd er egnet til å ha bevilling. Kommunen kan beslutte at det ikke skal gis mer enn et bestemt antall bevillinger til salg eller skjenking...”*

Alkoholpolitisk plan Fedje kommune (K 073/21). Konkrete punkt her er: Skjenkestadane skal ha fast meny eller à la carte-meny. Skjenkestadane skal ha fast meny eller á la carte-meny. (Forskrift om sals, skjenke, og opningstider i Fedje kommune punkt 2) Opningstida er ein halv time lengre enn skjenketida – dersom ikkje anna er bestemt. ( Punkt 3)

## Vurdering

Klokkesletta det er søkt skjenkeløyve for inne og ute, er i samsvar med alkohollova, alkoholforskrifta,



# Fedje kommune

og Fedje kommune sin Alkoholpolitiskeplan. Alle krav til å få skjenkeløyve er oppfylt, i følge den dokumentasjonen som er lagt fram. Når kommunestyre behandla faste skjenkeløyver for perioden 2020 – 2024 11.06.20, og i kommunestyresak 069/20, vedtok kommunestyret å gje same skjenketid for alle skjenkeløyva. Skjenketida for dei faste løyva me har i kommunen for perioden 2020 – 2024 er:

Måndag – laurdag kl. 0800 – 0200. Sundag og helgedagar kl. 1200-0200. Skjenketid for alkoholgruppe III er kl. 1300 til 0200 alle dagar.

På bakgrunn av dei vedtaka kommunestyret vedtok 11.06.20, og i kommunestyresak 069/20, vil det vera naturleg å rå til at Jostein Husa får org.nr.984 861 907 same skjenketid.

## Konklusjon

Kommunedirektøren rår til at Jostein Husa einskildforetak org.nr.984 861 907 får skjenkeløyve for alkohol i gruppe I, II, og III i "Løa" inne i dei to lokala som heiter "spisested" på plankartet, ute for det områda som er teikna inn på kartet. Jostein Husa får skjenkeløyve for gruppe I, II, og III.

Løyve har fyljande skjenketider:

Måndag – laurdag kl. 0800 – 0200. Sundag og helgedagar kl 1200 -0200. Skjenketid for alkoholgruppe III er kl 1300 til 0200 alle dagar. Skjenkestadane skal ha fast meny eller à la carte-meny.

Det følgjer av Alkohollova § 3-9 § 4-4 § 4-7 at kvar skjenkestad har eit sjølvstendig ansvar for at løyve vert halde i samsvar med alkohollova sitt føremål. Utskjenka alkoholhaldig drikk må opphøyra seinast 30 minuttar etter skjenketidas utløp.

## Forslag til vedtak:

Jostein Husa einskildforetak org.nr.984 861 907 får skjenkeløyve for gruppe I, II og III i lokala som er merka "spisested" inne i "Løa" og skjenkeløyve på uteområdet som er merka på teikninga. Jostein Husa får skjenkeløyve med følgjande skjenketider:

Måndag – laurdag kl. 08.00 - kl. 02.00

Søndag og helligdagar kl. 12.00 – kl. 02.00.

Skjenketid for alkoholgruppe III er kl. 13.00 - kl.02.00 alle dagar.

Skjenkestadaden skal ha fast meny eller à la carte-meny.

Løyvet gjeld frå 08.04.2022 til og med 30.09.2024. Styrar for løyvet er Jostein Husa, avløyser for løyvet er Linda Husa.



# Fedje kommune

## Formannskapet - 038/22

### **F - behandling:**

#### **F - vedtak:**

Jostein Husa einskildforetak org.nr.984 861 907 får skjenkeløyve for gruppe I, II og III i lokala som er merka "spisested" inne i "Løa" og skjenkeløyve på uteområdet som er merka på teikninga. Jostein Husa får skjenkeløyve med følgjande skjenketider:

Måndag – laurdag kl. 08.00 - kl. 02.00

Søndag og helligdagar kl. 12.00 – kl. 02.00.

Skjenketid for alkoholgruppe III er kl. 13.00 - kl.02.00 alle dagar.

Skjenkestaden skal ha fast meny eller à la carte-meny.

Løyvet gjeld frå 08.04.2022 til og med 30.09.2024. Styrar for løyvet er Jostein Husa, avløyser for løyvet er Linda Husa.

Samrøystes vedteke.